

Ove Herland
Mongstadvegen 826
5955 Lindås

Lindås Kommune
Landbruksavdelinga
v/Kjartan Nyhammer

Søknad om unntak frå vilkår i dispensasjon 15/36824

Søker med dette om unntak frå følgjande vilkår i dispensasjon 15/36824:

« • All massetransport skal skje utanom offentleg vegnett. Køyning med massar på offentleg veg er ikkje i tråd med dette vedtaket.»

Grunngjeving:

7/12-15 fekk vi innvilga dispensasjon frå kravet om reguleringsplan og arealføremålet for å planere dyrka mark på gbnr 126/4 Hope. Det kunne tilførast 120000 m³ reine jordmassar. Grunn til søknad var at det skulle leverast overskotsmassar frå Storemyra. Det blei investert store summar i landbruksveg over Litlåsen for å kunne ta imot massar. Det viser seg at mottak av massar frå Storemyra er utsatt på ubestemt tid. Ønskjer difor å kunne ta imot massar via offentleg vegnett for å kunne planere til dyrka mark og få inntekter til garden.

Argument for godkjenning av unntak:

- Mottak gjeld reine massar frå nærområda til Mongstad.
- Kort transportveg, lite forureining
- Mottak av masser som uansett måtte bli transportert større avstandar på offentleg vegnett.
- Liten ulempe for nærmiljø då det er få bustader nær garden

Hovudformål med jordtippen vil fortsatt være mottak av massar frå Storemyra,, med transport utanom offentleg veg.

Håpar på positivt svar.

Venleg helsing

Ove Herland